

---

Saksnr: 2020/44290-23  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		15.12.2020

**Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024****Forslag til innstilling**

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
3. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til fylkestinget.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er å legge fram sak om plan for eigarskapskontroll for Vestland fylkeskommune for perioden 2020 - 2024. Planen skal vidare til fylkestinget til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Plan for eigarskapskontroll i Vestland fylkeskommune 2020-2024

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyder slik:

*«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Det er verdt å merka seg at det i den nye kommunelova er lagt opp til at forvaltningsrevisjon av verksemda i fylkeskommunen sine selskap no skal inngå som ein del av plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet. I gammel kommunelov var dette ein del av det som den gong heitte plan for selskapskontroll. Etter ny kommunelov heiter dette plan for eigarskapskontroll og planen skal omfatte fylkeskommunen si oppfølging av selskapa som eigar (eigaroppfølging).

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 - 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av fylkeskommune sin eigarskap i selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av fylkestinget, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 13.02.2020:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Vestland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.*
2. *Forslag til prosjektplan av januar 2020, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 16.03.2020 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet 08.06.2020.*
4. *Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggast fram for fylkestinget 29.09.2020.*

Prosessarbeidet med plan for eigarkapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, elektronisk spørjeundersøking til verneombod, tillitsvalde, leiarar og politkarar i fylkeskommunen, prosessmøter med kontrollutvalet og intervju med administrative og politiske leiarar i fylkeskommune. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for eigarskapskontroll.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 15.06.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor fylkeskommunen si eigaroppfølging av selskapa der fylkeskommunen har eigarinteresser. I møtet 12.10.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 12.10.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollprosjekt i Vestland fylkeskommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Dette dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak til dette møtet. Det er ikkje gjort justeringar i dokumentet etter førre møte i kontrollutvalet bortsett frå at ordet utkast på første sida er teke bort. Dokumentet ligg ved som vedlegg 1 til sak om plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet.

Det føreligg også forslag til plan for eigarskapskontroll som ligg ved denne saka som vedlegg. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for eigarskapskontroll skal vidare til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til fylkestinget, som vedtar plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

### **Vurderingar og verknader**

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 - 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunestyrevalet. Neste kommunestyreval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, fylkestinget sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I forslaget til plan har Deloitte skrive kva eigarskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Prioriterte prosjekt finn ein i kap. 2 i plandokumentet, og denne prioriteringa vert det invitert å slutta seg til.

Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

I dokumentet «Risiko og vesentlegvurderingar Vestland fylkeskommune» som ligg ved sak om Plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet er det lagt inn oversikt over fylkeskommunen sin eigarskap i selskap på sidene 10 - 12. Oversikta er basert på informasjon frå fylkeskommunen og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

### **Konklusjon**

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitere kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for fylkestinget for endeleg avgjerd.

